



Fire av dei elleve Venstrekanidatane frå Uskedalen var å finna på stand ved SPAR laurdag: Kristian O. Bringedal, Reidar Myklebust, Kjell Yri og Bjarne Lilleås. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Du har vel høyrte visa om han som rodde seg ut på seiegrunnen og som sluttar med at han "råde grunnen åleine"? Nett slik var situasjonen utanfor SPAR laurdag, for der var det Venstre som rådde grunnen åleine!**

Ikkje eit einaste av dei andre 10 partia ofra nokon valstand på Uskedalen på denne innspurtdagen. Men det lyt sjølv sagt leggast til at også Senterpartiet gjorde seg sterkt gjeldande utpå ettermiddagen med si gravjeggjing av bygdedyret!

At Venstre stilte sterkt på stand akkurat i Uskedalen var isolert sett inga overrasking. Kristian O. Bringedal peika på at dette tradisjonelt er ei sterk Venstrebygd. Og ved dette valet er det klart flest uskedelingar på Venstrelista, faktisk 11! Fire av dei var å finna på standen: Kjell Yri, Bjarne Lilleås, Kristian O. Bringedal og Reidar Myklebust.

Bodskapan som dei kransa og streka under kunne verka smålåten: Få Lilleås og Yri inn i kommunestyret. Men ettersom to venstrekandidatar er kumulerte (Synnøve Handeland og Gunnar Røssland) vil det bli fire Venstrefolk i det nye kommunestyret hvis dei to uskedelingane også kjem inn.

- Det er nok vel optimistisk, sa fleire av veljarane som slo av ein prat med kandidatane.

I tillegg til å formidla programmet sitt kom dei også med gode råd om korleis folk skal bera seg åt når dei røystar.

Og inne i butikken fann dei bodskapan om at veljarane i bygda vår skal røysta på uskedelingar og få bygda opp frå den lite smigrande jumbopllassen vi hamna på under siste val med omsyn til valdeltaking. Den oppmodinga er det ikkje problematisk å slutta seg til.

Av Ola Matti Mathisen